



ÅRSRAPPORT 2024

UNGDOMSRÅDET



VEDTATT I UNG-SAK
14/25 – 13. MARS 2025

INNHOLD

	Side
Innhald	1
Krav om årsrapportering	3
Val og samansetting	3
Møte og saker	4
Oppfølging av handlingsplan	8

Krav om årsrapport

Vedtekter for Bjørnafjorden ungdomsråd vart godkjende av Bjørnafjorden kommunestyre den 19.11.19 i sak 18/2019. I følgje § 9 skal ungdomsrådet innan 1. mars kvart år behandla og vedta sin eigen rapport der aktiviteten i det føregåande året blir evaluert opp mot eigen handlingsplan.

Val og samansetting

Kommunestyret valde ungdomsråd for 2023/2025 26. oktober 2023 i sak 167/2023. Ungdomsrådet for perioden 2023 til 2025 er:

Faste medlemer	Representantar for
Mathilde Nonås	Andre
Are Lekven	Andre
Sol Atalie Romundset	Fusa ungdomsskule
Kasper Keyser Domansky	Os ungdomsskule
Jacob Lyssand	Nore Neset ungdomsskule
Fiona Kolle	Fusa vidaregåande skule
Tarik Mujanovic	Os vidaregåande skule
Jonah Askeland Søviknes	Os gymnas
Sunniva Solberg	Kongshaug musikkgymnas

Vararepresentantar:

Vara for Mathilde Nonås:

1.	Anne Katrin Leirvåg	Andre
2.	Aurora Sjøbø	Andre

Vara for Are Lekven:

1.	Emil Lyssand	Andre
2.	Torjus Døsen Dahl	Andre
3.	Piotr Nowogrodzki	Andre

Vara for Sol Atalie Romundset

1.	Hannah Lyhammer Sævareid	Fusa ungdomsskule
2.	Malin Tveit Olsen	Fusa ungdomsskule
3.	Mira Solberg	Fusa ungdomsskule

Vara for Kasper Keyser Domansky

1.	Jacob Torsvik	Os ungdomsskule
2.	Selma Hanken	Os ungdomsskule
3.	Njård Espeland	Os ungdomsskule

Vara for Jacob Lyssand:

1.	Fredrik Strønen Sperrevik	Nore Neset ungdomsskule
----	---------------------------	-------------------------

Vara for Fiona Kolle:

1.	Malin Berge Hjartnes	Fusa vidaregåande skule
----	----------------------	-------------------------

Vara for Tarik Mujanovic:

1.	Aurora Dalseide	Os vidaregåande skule
----	-----------------	-----------------------

Vara for Jonah Askeland Søviknes:

1.	Per Mathias Gjerde Aralt	Os gymnas
2.	Nawwar Haysam Al Saed	Os gymnas
3.	Emma Søreide Bergheim	Os gymnas

Vara for Sunniva Solberg:

1.	Aurora Lian Skjælaaen	Kongshaug musikkgymnas
----	-----------------------	------------------------

Konstituering - Val av leiar og nestleiar

Hausten 2023 valde ungdomsrådet Mathilde Nonås til leiar og Sunniva Solberg til nestleiar. Desse vala er for eitt år om gongen.

Nytt konstituerande møte 4. oktober i sak 48/2024 valde Jonah Askeland Søviknes til leiar og Mathilde Nonås til nestleiar.

Søknad om fritak

Sunniva Solberg og Sol Atalie Romundset søkte om fritak frå verva sine hausten 2024 og fekk dette innvilga av kommunestyret.

Verv på fylkesnivå

Mathilde Nonås har i 2024 også vore vald inn i Ungdommens fylkesutval for ungdom i Vestland.

Møter og saker

Bjørnfjorden ungdomsråd hadde 7 møte i 2024, alle møta med fysisk oppmøte. Eitt møte vart halde i Eikelandsosen, medan dei andre var på Osøyro. Ungdomsrådet behandla 72 saker i 2024, mot 63 saker i 2023.

I møta har SLT-koordinator Elin Tuft og kultursjef Erik Vangsnes vore sekretariat. I enkeltsaker har det møtt saksbehandlarar frå einingane som har orientert om og presentert sakene. Det har også vore eksterne inne i møta. Ny kommunedirektør Arild McClellan Steine orienterte om etikk og habilitet i møte 30. oktober.

I tillegg til enkeltsaker har ungdomsrådet hatt faste saker på dagsorden i 2024 med Politisk kvarter og Nytt frå administrasjonen. I sak om Nytt frå administrasjonen har kommunalsjef Line Rye møtt for kommuneleiinga.

Vedteken årsrapport for 2023 og handlingsplan for 2024 vart lagt fram for kommunestyret til orientering.

Ungdommens politiråd vart vidareført i 2024 med to møte. Møta er ein gong i halvåret. Her møter ungdomsrådet, ordførar, kommunalsjef for oppvekst, leiar i ungdomsteamet, ruskonsulent, leiar i familiens hus, politistasjonssjef, politikontaktar, fagleiar for utekontakten og SLT-koordinator. Det var møte 22. mai og 4. oktober.

I sak 76/22 1. tertialrapport 2022 i kommunestyret 16. juni, vart det løyvd kr 250.000,- til eit ungdomsfond som ungdomsrådet skal disponera «med klokskap». Det vart brukt 47.242 kroner frå fondet i 2024 etter vedtak i ungdomsrådet. Saldo etter dette er 202.758,-

Saker ungdomsrådet m.a. har jobba med i 2024:

- Ung kultur møtes (UKM) relansert, workshopar vinteren 2024 og lokal mёнstring 16. mars - løyvde 35.000,-
- Støtta etablering av utekontakten
- Deltok på Ungdommens fylkesting 5.-7. april. Jonah Askeland Søviknes og Mathilde Nonås stilte

- Profilerte ungdomsrådet med eigen hettegensar med logo (kosta kr 4442 eks moms)
- Ga innspel om betre opningstid og meirope tilbod i biblioteket i Eikelandsosen
- Leiar Mathilde Nonås holdt tale i Minneparken på Os og fleire andre stader 17. mai
- Støtta etablering av Unikultur med kr 7.800,- frå ungdomsfondet
- Ga uttale i sak om ned legging av tilbod i vidaregåande skule
- Representant Fiona Kolle var med i eit ungdomspanel for regionalt kunnskapssenter for barn og unge. (RKBU). RKBU arbeider med barn og unge si psykiske helse og ynskjer medverknad frå representantar i ungdomsråda i Vestland. Panelet består av 9 representantar frå ulike ungdomsråd i Vestland.
- Spørreundersøking om fritidsbehov og tilbod til barn og unge i samarbeid med Os turn
- Deltok på storsamling med presentasjon av Ung data-tala på Nore Neset 15. oktober
- Arbeidde for å sikra Open hall på Os og i Eikelandsosen
- Møtte i kommunestyret 19.12. - leiar og nestleiar og kommenterte m.a. budsjettsaka og prioritering av søknader til Bufdir

Media

Ungdomsrådet tok i bruk sin eigen Instagram i 2024. Ungdomsrådet var aktive og synlege på sosiale media og i lokale media. Alle medlemene har fått tilgang på digitalt abonnement på Os & Fusaposten.

Oppfølging av vedtekter og handlingsplan

I følgje vedtekten for ungdomsrådet (§ 9) skal rådet årleg rullera ein eigen handlingsplan. Handlingsplanen for 2024 vart oppdatert og vedteken av ungdomsrådet i sak 75/2022 den 23.11. 2022.

Handlingsplanen hadde 7 tema og hovudmål, med 29 tilhøyrande tiltak/ strategiar. Ungdomsrådet skal innan 1. mars kvart år laga ein rapport der aktiviteten i det føregående året blir evaluert opp mot eigen handlingsplan, som ungdomsrådet si rolle og rutinar for involvering av ungdomsråd. Ei evaluering av i kva for sentrale punkt i vedtekten er følgd opp, er vurdert etter den sokalla trafikklys-modellen (raudt/gult/ grønt) med korte kommentarar.

Ei slik evaluering kan òg gje ein status for sentrale punkt i vedtekten. Det kan sjå slik ut:

Tema	Vedtekt	Status	Kommentar
Rolle	Ungdomsrådet skal ha rett til å uttala seg i alle saker som gjeld ungdom	Grønn	Retten er aktivt brukt.
Rolle	Ungdomsrådet skal ha rett til å ta opp saker på eige initiativ	Grønn	Retten er sikra m.a. gjennom politisk kvarter som fast sak på dagsorden
Rolle	Ungdomsrådet skal ha rett til å rå over eige budsjett til drift av rådet og fordeling på ungdomstiltak	Grønn	Ungdomsrådet får godtgjersle via kommunebudsjett, og det var kr 250.000 til disposisjon i ungdomsfond 2024.
Rutiner for involvering	Kommunen skal etablera rutiner som sikrar at ungdomsrådet mottek sakene på eit så tidleg tidspunkt i sakshandsaminga at ein uttale kan påverka utfallet av ei sak.	Grønn	Er etablert god flyt i plansaker og større saker.
Rutiner for involvering	Ungdomsrådet skal representera og uttala seg på vegner av alle ungdomar i kommunen. Ungdomsrådet må difor leggja til rette for aktiv medverknad og innspel frå ulike grupper av ungdom	Gult	Her har ungdomsrådet noko som kan takast tak i.
Økonomi	Ungdomsrådet får godtgjersle i samsvar med vedteke kommunalt regulativ og etter dei same reglar som andre folkevalde	Grønn	Er følgd opp
Økonomi	Ungdomsrådet disponerer eit eige budsjett fastsett i årsbudsjettet til Bjørnafjorden kommune. Tilskotsmidlane skal stimulera til kultur, fritid og utviklingstiltak retta mot ungdom.	Gult	Er ikkje blitt ein eigen budsjettpost slik det var i Fusa kommune, men det er gjort ei eingongsløyving til eit ungdomsfond på kr 250.000,-
Plan og rapport	Ungdomsrådet skal innan utgangen av kvart år behandla og vedta sin egen handlingsplan som går vidare til kommunestyret for orientering.	Grønn	Vart vedteke i UR, men ikkje sendt kommunestyret. Handlingsplan kan følga årsrapport til kommunestyret.

Oppfølging av handlingsplan

1: KULTURTILBOD

Mål:

For at ungdom i Bjørnafjorden skal ha gode kvardagsliv, må vi ha eit variert og godt kultur og fritidstilbod. Vi treng gode møteplassar som bind kommunen og ungdomane saman på tvers av fjorden.

	Tiltak/ strategiar	Status	Kommentar
1	Fleire bør få høve til å delta på kulturskuletilboden. Her kan ein vurdera eit samarbeid med t.d Kongshaug slik at «ungdom kan læra ungdom»	Er ikkje prøvd ut som ei praktisk løysing.	Økonomiske verkemiddel viktig for å få fleire inn i kulturskulen.
2	Ungdomsrådet ønskjer at kommunen skal arbeida for redusert betaling til dei som ikkje har råd til å driva med t.d. idrett eller ta del i kulturskulen.	Det er samarbeid mellom NAV og idrettsлага, for å hjelpe vanskelegstilte barnefamiliar og unge, men kommunen tilbyr ikkje fritidskort eller friplassar i kulturskulen	
3	Aktivitetskalenderen FRISKUS må bli ein nettstad som alle i kommunen bør vere godt kjend med.	Frivilligkartlegging viser at Friskus er godt kjend i lagslivet, men vi manglar data på i kva grad innbyggjarane kjenner tilboden	Avtale med Friskus vart sagt opp på tampen av 2024.

2: Offentleg kommunikasjon

Mål:

For at ungdom skal leva aktive liv i den nye kommunen, må vi satsa på betre offentleg kommunikasjon med fleire bussavgangar mellom Osøyro og Eikelandsosen og ut til krinsane.

	Tiltak/ strategiar	Status	Kommentar
1	Ta kontakt med Skyss for å få fleire bussruter ut til krinsane.	Vert følgd opp av ordførar	.
2	Kartlegge behovet for kollektivtransport i helger og feriar – tidspunkt og frevens gjer at det i dag er eit dårlig tilbod	Er ikkje følgd opp	Burde sikkert også kartlagt behovet på kveld i kvardagen.
3	Setja ned alderen på ungdomskort.	Er teke vidare til Ungdommens fylkesting?	Ei sak for ungdommens fylkesting
4	Flytte Fusa til sone A i Skysskartet, slik som dei har i Os.	Er teke opp i dialog med Skyss og fylkeskommunen	

3: TRYGGE UNGDOMSMILJØ

Mål:

For at ungdom skal leva gode liv i Bjørnafjorden kommune skal oppleva trygge ungdomsmiljø både sosialt og digitalt må vi styrka arbeidet mot mobbing, krenkande språkbruk, krenkande handlingar i ungdomsmiljøa og jobba førebyggjande med nettvert.

	Tiltak/ strategiar	Status	Kommentar
1	Legge til rette for fellesskap rundt måltid på skulen, og legge til rette for at trinn kan blandast når dei et	Teke opp i dialog med oppvekst	.
2	Læra nettvert tidleg i barneskulen. Nyttar elevar i vgs som har det som ein del av eit fag i eit samarbeid med barneskulen.	Ikkje prøvd ut.	Har lukkast med ein tilsvarende modell for digital opplæring av eldre og andre med behov
3	Arbeida for auka toleranse og mindre framandfrykt, og læra om andre kulturar tidleg i barneskule	Teke opp i dialog med oppvekst	
4	Oppfordra folk til å gå på språkkafé	Ikkje følgd opp	
5	Auka satsing på haldningsskapande tiltak og kampanjar. Viktig med tidleg innsats alt på barnetrinnet	Er følgd opp.	Vanskeleg å måla.
6	I større grad bruka film og sosiale media inn mot ungdom	Er følgd opp.	Blir kommentert frå UR i konkrete saker.
7	Kulturmiddag med ulike tema. Middag for hybelbuarar, med læring om rettar og plikter dei har som hybelbuarar. T.d. bruk av Ung Arena sine lokale		

4: TRYGGE LIV

Mål:

For at ungdom i Bjørnafjorden kommune skal ha trygge liv, må vi satsa på trafikksikring i nærmiljøa. Barn og unge sin rett til gode fysiske oppvekstvilkår må respekterast, og barn og unge må bli involverte og høyrde i samfunnsplanlegging og politiske prosessar.

	Tiltak/ strategiar	Status	Kommentar
1	Bruk av refleks må vera norma.	Usikker på refleksbruken i dei ulike aldersgruppe	Vanskeleg å følga opp for UR. Kartlegga situasjon gjennom Ungdata? Lokal kampanje?
2	Trygging av skulevegar må ha høgare prioritet.	Er følgd opp men krev overordna vedtak og løyving	Store kostnader i kvart prosjekt
3	Bruka skulepatruljar til å sikra kritiske punkt, med bruk/opprettning av hjartesonar på alle skular. Gjev både trafikktryggleik og sosial tryggleik.	Teke opp i dialog med oppvekst	
4	Gratis skuletransport for alle som ønskjer det. Kan få bort foreldrerekøyringa.	Treng overordna vedtak og løyving	Treng prinsippvedtak i

			komunestyret og budsjettloevning
5	Generell utbetring av vegnett	Blir prioritert	Er ei prioritert sak, men har store kostnader.
6	Arbeide for å formidle barnetråkk.	Er delvis følgd opp	Kan etterlystast i konkrete plansaker

5: FØREBYGGANDE HELSETENESTER

Mål:

For at ungdom i Bjørnafjorden skal oppleva god helse, må vi ha gode førebyggande helsetenester som er lett tilgjengelege der ungdom oppheld seg, og på tidspunkt der ungdom kan bruka tilboda. For eksempel helsestasjon for ungdom i idrettshallar eller andre aktivitetsarenaer.

	Tiltak/ strategiar	Status	Kommentar
1	Helsestasjon for ungdom til fast tid på begge sider av fjorden også etter skuletid.	Er følgd opp	
2	Arbeida for å få helsestasjonen og helsesjukepleiarane på skulane meir synlege og tilgjengelege, både fysisk og digitalt	Er følgd opp	

6: KLIMA OG MILJØ

Mål:

For å sikra ungdom ei god framtid er det viktig å få ei berekraftig utvikling i Bjørnafjorden kommune. Då treng vi ein nytenkande kommune som set miljø og klimaspørsmål på dagsorden

	Tiltak/ strategiar	Status	Kommentar
1	Gode rutinar for resirkulering på skulen og i andre offentlege bygg, med eksempelbilete av kva ein skal kaste kor.	Er ikkje systematisk følgd opp	Burde vore eit felles system for alle kommunale bygg. Er på veg som ein del av avtaleverk med BIR
2	El-bil ladestasjoner på skuleparkeringane	Er følgd opp	Ved nybygg vert dette følgd opp.
3	Kjeldesortering i alle kommunale bygg. Det må setjast ut fleire boss-spann i nærmiljøa, med pante-ring.	Er ikkje følgd opp	Sjå punkt 1 bør og gjelda møteplassar ute.
4	Fokus på plastrydding i fjorden og nærmiljøa. Felles aksjonsdag i skulen der ein td. har konkurranse om å rydde mest plast, i samarbeid med andre aktørar.	Er delvis følgd opp	Kommunen har avtale med Lions og Rotary om rydding av strender. Involvering av skulane må takast opp i dialogmøte med oppvekst.
5	Avtale med lokale butikkar bruk av mat som er gått ut på dato til skulefrukost og -luns	Er ikkje følgd opp	Må skje lokalt

7: UNDERSKOLE

Mål:

For å sikra ungdom godt læringsmiljø i Bjørnafjorden, må vi ha best moglege undervisningstenester og eit skulemiljø som triggar læring.

	Tiltak/ strategiar	Status	Kommentar
1	Forbedra skulefrukost og lunsjtilbodet på ungdomsskulane. Deretter på barneskulane	Er løfta politisk. Treng prinsippvedtak og løvvining i budsjetta	Har ikkje dette tilbodet i BK i dag
2	Opna for at elevar kan jobbe meir på den måten dei vil på skulen, t.d. ha musikk på øyra og bruke telefonen som eit læringsverktøy	Er tatt opp i dialog med oppvekst	
3	Kartlegga behovet for pedagogar og assistenter i skulen	Er tatt opp i dialog med oppvekst	



Deltakarar på UKM 2024 i Bjørnafjorden, arrangert på Ung arena.